


Sandtak vert dyrkamark



Her er det aktuelle området skravert

Rådmannen går inn for at det skal gjevast dispensasjon midlertidig i 5 år frå kommande årsskifte frå arealføremålet LNF .i det tidlegare sandtaket ved Heio. Dermed kan eit område på 10 mål eller ein tredel av området slettast til og dyrkast, Det vert gjeve midlertidig dispensasjon for å ta ut noko av massane før dette skjer. Saka skal opp i forvaltningskomiteen til veka,

I saksutgreiinga vert det konstatert at det er overskot av massar i området, Brukar er Trond L. Myklebust og han har no 70 dekar fulldyrka, 30 dekar beite, 280 dekar skog og 100 dekar anna areal. Han driv med slaktedyr og ammekyr.

Søknaden er nabovarsla og det har ikkje kome inn merknadar. Det har det heller ikkje frå fylkesmannen, fylkeskommunen eller vegvesenet. Rådmannen peikar på at området er sterkt påverka av tidlegare inngrep og kommunen kan ikkje sjå at dette inngrepet vil føre til negative merknadar. Det vert noko støy, men i mindre skala.

Imidlertid vert det streka under at det må takast hensyn til erosjonsfare i lausmassane. Elver og bekkar må sikrast slik at dei ikkje grev seg nye løp.

Slik arealet ligg i dag er det skjemma og delvis farleg, heiter det i saksutgreiinga. Det er bratte, usikre skråningar med lausmassar. Mykje av dei er av særst god kvalitet og det er for å finansiera dyking eigaren ynskjer midlertidig dispensasjon slik at han kan omsette sanden, All matjorda vil

bli teken vare på og nytta under dyrkinga.

Av Ola Matti Mathisen